



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

## Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Hotel Alexandra Loen  
**Dato:** 05.09.2022  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Velkomen til det fjerde møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2022!

Etter møtet på Hotel Alexandra, skal styret på synfaring til Kjenndalen inst i Lodalen. Der vert det vert offisiell opning av det nye, utvida utsiktspunktet ved Kjenndalsbreen kl 13:30.

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar Tor Arne på tlf. 901 92 471. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Tor Arne Hauge  
Nasjonalparkforvaltar



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 27/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/22	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 29/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Lågtflyging for filming av Lodalskåpa - Nordisk Banijay		2022/8351
ST 30/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - oppføring av solcelleanlegg - Sognskaret		2021/13508
ST 31/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - utbetring av stien til Skåla og frakt av stein og grus med helikopter - Skålastilaget		2022/11064
ST 32/22	Delegerte saker		
DS 5/22	Utsett løyve til flyging etter Skåla Opp 2022		2021/12645
DS 6/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bødalsseter - Løyve til motorferdsel - Marit Bødal Nybakk		2022/9805
ST 33/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 24/22	Informasjon om overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven		2022/363
RS 25/22	Avgjerd - Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovleg køyring og graving langs breelva til Fåbergstølsbreen - Statkraft		2019/10928
RS 26/22	Avgjerd i straffesak - Jostedalsbreen nasjonalpark		2019/10928
RS 27/22	Rapport etter årets Skåla Opp 2022		2021/12645
RS 28/22	Invitation to EUROPARC General Assembly 2022/ Save the date: 9:30 am - 5th October-Argelès Sur Mer, France		2022/363
RS 29/22	Sluttrapport motorferdsel 2022 "Bødalsæter"		2022/9805

### Orienteringar i møtet:

1. Status sekretariatet
2. Tiltak og økonomi pr 31.08.2022
3. SNO sidan sist
4. Status søknad om autorisasjon Skålastien som Nasjonal turiststi
5. Toalett og søppelhandtering i Kjenndalen sommaren 2022
6. Skjøtselsplan 3 stølsdalar i Stryn – framdrift og ferdigstilling
7. Skjøtselsplan stølsområda ved Tungestølen og Nystølen
8. Ynskje om merking av sti til Torstadnakken i Sogndalsdalen
9. Høyring Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i SogFj (KULA)
10. Mediesaker sidan sist

**ST 27/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 28/22 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



Arkivsaksnr: 2022/8351-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 29.08.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	29/22	05.09.2022

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Lågtflyging for filming ved Lodalskåpa - Nordisk Banijay

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i kapittel IV punkt 4.1 i *Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark* og § 48 i *Naturmangfaldlova* får Nordisk Banijay avslag på søknad om løyve til lågtflyging med helikopter ved Lodalskåpa i samband med filmopptak.

Som grunngeving vert det lagt vekt på at filmopptaka skal nyttast i ein reint kommersiell produksjon og at faren for presedens. Det vert og lagt vekt på at dei ynskte filmopptaka like gjerne kan gjerast med bruk av drone, noko som ikkje krev dispensasjon frå verneforskrifta.

### Saksutgreiing

#### Dokument i saka

- Søknad om lågtflyging med helikopter frå Nordisk Banijay, datert 17.06.2022
- Epost til Nordisk Banijay - førebels tilbakemelding, datert 05.07.2022
- Epost til Nordisk Banijay – svar på spørsmål om motorferdsel – datert 14.06.2022
- Epost – Spørsmål om bruk av helikopter ved filming – datert 13.06.2022
- Epost – Spørsmål om bruk av helikopter ved filming – datert 10.05.2022
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (juni 1994)

#### Søknaden

Nordisk Banijay er ei produksjonsverksemd for TV og film som planlegg å filme i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med produksjon av eit underholdningsprogram. Det er ynskje om å filme Lodalskåpa frå helikopter som flyg under lågtflygingsgrensa på 300 meter. Dette for at sjåarar skal få eit inntrykk av storleiken på toppen og den spektakulære plasseringa på toppen av Jostedalsbreen.



Filminga er planlagt i veke 37, med 11.september som reservedato om vermeldingane i veke 37 er dårlege. Det vert søkt om totalt to flyingar på strekninga frå Sandane, om Lodalskåpa til Styggevatnet i Luster.

Sekretariatet har, sidan søkjar fyrst tok kontakt i mai, vore i kontakt med søkjar fleire gonger for å rettleie og informere. Søknaden som ligg føre vart sendt inn like før førre styremøte i Jostedalsbreen nasjonalpark. Forvaltar var då i kontakt med søkjar og lova prøve å lufter søknaden med styret, men dette vart dessverre utegløymt under styremøtet. Søkjar vart orientert om dette i ei førebels tilbakemelding, sendt på epost 05.07.2022. I same epost vart det orientert om at saka ville verte handsama i neste møte i nasjonalparkstyret 5.-6. september. Sekretariatet bad og om meir utfyllande opplysningar til søknaden. Det vart særskilt bede om at søkjar spesifiserte kor langt under 300-meters grensa for lågtflyging dei ynskde å flyge.

Sekretariatet var igjen i telefonkontakt med søkjar i veke 34, og bad då om meir utfyllande opplysningar til søknaden, men slike utfyllande opplysningar er ikkje motteke pr 29.08.2022.

### Regelverk

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- *Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *Å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

Motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta kap.IV. I forskrifta er det ikkje opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til denne type tiltak og søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI.

I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom: *«det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, i kapittel 7.3.9 står m.a. følgjande om motorisert ferdsel til den type føremål som det er søkt om her: *«...I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjør særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar og liknande bør leggast andre stader utanfor nasjonalparken.»*

### Vurdering

For at ein skal kunne gje løyve etter naturmangfaldlova § 48 må tiltaket:

1. - ikkje stride mot verneføremålet
2. - ikkje påverke verneverdiane nemneverdig



Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndet sitt skjønn, innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndet bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Sekretariatet har ikkje gjort konkrete vurderingar av konsekvensane for verneføremål og verneverdiar i denne saka, men lågtflyging er forbode i nasjonalparken og spørsmålet som har vore vurdert er om det finst grunnar for at akkurat denne søknaden ikkje vil skape presedens eller utvide ramma som er trekt i vernevedtaket.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har tidlegare handsama fleire søknader om filming og lågtflyging og landing med helikopter i samband med ulike filmprosjekt. Fleire slike søknader har fått avslag. Det har likevel vorte gjeve einskilde løyve til lågtflyging med helikopter ved filming i Jostedalsbreen nasjonalpark, men då har det enten vore filming for å lage filmar med tema som direkte underbyggjer vernet og verneverdiane i nasjonalparken, t.d. om geologi og brear, eller andre tema som er sterkt knytt til Jostedalsbreen og som ikkje kunne ha vore filma andre stader. Til dømes vart det i 2020 gjeve eit løyve til Visit Nordfjord for bruk av helikopter i samband med opptak til ein kortfilm. Temaet for filmen var historia om fjellpioneren Kristian Bing og hans førstebestigning av brefallet i Briksdalsbreen.

Dersom ein opnar for å gje løyve til lågtflyging med helikopter for filming av Lodalskåpa til bruk i ein reint kommersiell filmproduksjon, som like gjerne kunne ha vore filma ein annan stad, så vil det medføre presedens og utvide ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Det er og eit moment at dei ynskte filmsekvensane frå Lodalskåpa like gjerne kunne ha vore gjort med hjelp av drone, noko som ikkje ville krevje dispensasjon frå vernevedtaket.

Forvaltar si vurdering av Nordisk Banijay sin søknad om lågtflyging ved Lodalskåpa er, at eit løyve som omsøkt vil kunne medføre uheldig presedens, og at søknaden difor bør få avslag.



Arkivsaksnr: 2021/13508-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 30.08.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	30/22	05.09.2022

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - oppføring av solcelleanlegg - Sognskaret

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 1.3, fyrste strekpunkt gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre eigarane av hytta i Sognskaret i Sundalen i Stryn v/Jarand Gjestland, dispensasjon frå føresegnene i kap. IV, punkt 1.1 til fasadeending ved oppføring av solcellepanel på hytta i Sognskaret.


Det vert sett som vilkår at:

1. plasseringa av solcellepanelet vert som omsøkt, på sørsida av pipa
2. solcellepanelet er av ein storleik som gjer at det kan skjulast bak pipa og dermed ikkje vert synleg frå nord
3. søkjar etter oppføringa av solcellepanelet skal sende bildedokumentasjon av gjennomført tiltak

### Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltar var 20.09.2021 på synfaring på stien til Sognskaret saman med Jarand Gjestland, som er ein av eigarane av hytta i Sognskaret. Gjestland fortalte då at dei som eit branntryggingstiltak planla å installere solcelleanlegg på hytta. Det vart då spurt om det krevst noko form for godkjenning for montering av solcellepanel på hytta i Sognskaret. Nasjonalparkforvaltar var usikker, og bad Gjestland for sikkerheit skuld om å sende inn ein grunngeven søknad der tiltaket vart skildra, særleg korleis solcellepanel var tenkt plassert og evt. andre moglege endringar på fasade.

Same kveld 20.09.2021 mottok forvaltninga søknad om oppføring av solcellepanel på hytta i Sognskaret. Solcellepanelet er omsøkt plassert på sørsida av pipa, som illustrert på bileta nedanfor. Dimensjonen på anlegget og solcellepanelet er tilpassa dei lokale tilhøva, med få timar direkte sollys, med mål om å unngå supplerande aggregatstraum. Panelet vil ikkje synast frå andre sider enn frå sør. Dei fleste turgåarar som kjem til Sognskaret kjem frå nord og snur ofte ved hytta.



Figur 1 Oversiktskart Sunndalssætra – Sognskaret med hytta markert



Figur 2 Hytta i Sognskaret sett frå nord.

Søknaden er grunngeven med branntrygging, ved redusert bruk av parafinlampar og stearinlys. Det er og om lag 2 timar til område med mobildekning. Søkjar har vurdert fleire alternativ, m.a. aggregatstraum, vindmølle, brenselcelle og solcelle, men har konkludert med at solcelle står fram som det beste alternativet. Solcelleanlegg vil medføre at det ikkje vert trong for transport av drivstoff, ingen støy og minimal visuell effekt.

Hytta i Sognskaret er bygd kring 1970, og ligg langt i frå andre bygningar.

## Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalpark vart verna 25.10.1991.

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»



Det følgjer av verneforskrifta sitt kap. IV, punkt 1.1 at:

«Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengder er også forbode.»

Forvaltningsstyresmakta kan etter kap. IV, punkt 1.3, fyrste strekpunkt, når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

« - byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.

.....

Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.»

Plasseringa av solcellepanel på sørsida av pipa er etter sakshandsamar si vurdering optimal, både med tanke på soltilhøve og innsyn. Dei aller fleste turgåarar som kjem til Sognskaret i dag kjem frå Sunndalsætra og går ikkje forbi hytta. Det betyr at svært få friluftsfolk vil leggje merke til solcellepanelet.

Søknaden skal vurderast etter dei miljøfaglege prinsippa §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **NML § 8 «Kunnskapsgrunnlaget»**

Kunnskapsgrunnlaget i saka er henta frå Naturbase, Sensitive artsdata og Artsobservasjonar. Ein vurderer ut i frå dette at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg i denne saka, slik at det ikkje er nødvendig å nytte NML § 9 «Føre-var-prinsippet».

### **§ 10 «Økosystemtilnærming og samla belastning»**

Det aktuelle tiltaket legg ikkje beslag på nytt areal i terrenget. Tiltaket vil følgjeleg ikkje medføre negative konsekvensar for biologisk mangfald og kvalitetar. Tiltaket vil heller ikkje ha nemneverdig påverknad på dyrelivet.

### **§ 11 «Kostnaden ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar»**

Dette prinsippet vert vurdert som ikkje relevant i denne saka.

### **§ 12 «Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar»**

Bruk av solcelleanlegg vert vurdert generelt til å vere den mest miljøvenlege metoden for å løyse energibehovet til frittliggjande fritidsbustader utanfor område med utbygd straumforsyning.



Arkivsaksnr: 2022/11064-0  
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge  
Dato: 30.08.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	31/22	05.09.2022

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - utbetring av stien til Skåla og frakt av stein og grus med helikopter - Skålastilaget

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjev, med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd, løyve til:

1. å utbetre Skålastien på nokre parsellar kring 900 m.o.h., som skildra i saksutgreiinga
2. inntil 66 turar med helikopter inn i Jostedalsbreen nasjonalpark ved Skålastien, med det føremål å frakte stein og grus til vedlikehald og restaurering av nokre parsellar på stien mot Skåla.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld i perioden 06.09.2022 – 31.10.2022.
2. Dette løyvet skal vere med under flyginga.
3. Det skal ikkje nyttast motorisert ferdsle meir enn absolutt naudsynt, og det skal takast omsyn til friluftsliv og dyreliv.
4. Motorferdsla skal ikkje skje på helgedagar, offentlege fridagar eller på heilagdaggar av omsynet til friluftslivet.
5. Det skal gjevast skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret etter flyginga og og utbetringsarbeidet er utført.
6. Seinast dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller Nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge (90 19 24 71) varslast pr. sms eller telefon.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for eventuelle naudsynte løyve frå kommune, grunneigarar og luftfartsmyndigheiter.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå Skålastilaget datert 16.08.2022
- Prosjektskiltring – utbetringar på Skålastien 2022 – datert 01.02.2022
- Notat Skålastien 2021 – datert 24.08.2021
- Sårbarheitsvurdering – datert desember 2020
- Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

### Søknaden er vurdert etter:


- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark

### Søknaden

Skålastien vart i perioden 2006-2013 rusta opp gjennom det såkalla Skålastiprosjektet. Målet med prosjektet var at den gamle stien til Skålatårnet skulle restaurerast og opprustast slik at den ville tåle framtidig ferdsel. Skålastilaget vart i etterkant etablert for å sikre ei god organisering og samarbeid om vedlikehald av stien. Den nye turlagshytta Skålabu stod ferdig i 2017, og har medverka til at fleire tek turen til Skåla. Ferdselen på Skåla har difor auka mykje dei seinaste åra, sjølv om ferdselen kan variere mykje frå år til år, alt etter været. Den auka ferdselen har gjort at stien på fleire stader er sliten og treng utbetringar. Noko av grunnen til stor slitasje er att det på deler av stien vart nytta feil tiltak då stien vart restaurert i åra 2006-2013. Fleire stader vart det lagt steinheller i staden for grus på flatare deler av stien, noko som gjer at folk lagar villstiar på sidene av den steinsatte stien.

SNO laga i august 2021 ein rapport som omhandlar vedlikehald av Skålastien. Der vert fleire parsellar med trong for vedlikehald og utbetring kommentert. Skålastilaget søkte våren om midlar frå tilskotsordninga for Nasjonale turistvegar, og vart tildelt kr 410 000,- til vedlikehald og utbetringar på Skålastien.

Skålastilaget har søkt om flygeløyve i samband med restaureringsarbeid på Skålastien. Skålastilaget har gjort avtale med Utmarksressurs utbetringar på ein skilde særleg utsette og sårbare parsellar på stien, nokre av parsellane er utanfor nasjonalparken og treng difor ikkje løyve etter verneforskrifta. I om lag 900 meters høgde over havet er det nokre parti der stien er sliten og treng utbetring, særleg viktig er det å få kontroll på vatnet som i dag vaskar vekk finmassane. Det må byggjast langsgående renner og stikkrenner som kan handtere alt vatnet som kjem ned. Det skal på enkelte parsellar lagast ein spalta grussti. Det er trong for tilførsle av ein del stein og grusmassar til dette vedlikehaldet og utbetringane.



Figur 1. Oversiktskart som viser planlagde trasear for flyging

Samla for heile prosjektet er det trong for å flyge inntil 130 turar med stein og grus. Av dette er 66 turar er planlagt innanfor nasjonalparken, 25 hiv med stein og 41 hiv med grus. Dei resterande turane gjeld flyging utanfor nasjonalparkrensa, og treng difor ikkje løyve frå nasjonalparkstyret.

Alle løfta med stein og grus startar på Breng ved Lovatnet. Berre siste del av turen er innanfor vernegrensa. Utmarksressurs AS vil stå for arbeidet med stien og koordinere helikopterflyginga.

Nasjonalparkforvaltar vurderer deler av tiltaka som ser planlagt på Skålastien til å vere vedlikehald av eksisterande sti, som er lov å gjennomføre etter kap. IV, punkt 1.2, strekpunkt 3, der det er opna for vedlikehald av eksisterande stiar og løyper m.v. Dette gjeld vedlikehald av steintrappene med handemakt og lokal stein. Deler av tiltaka som er planlagt vert vurdert som utbetringar som krev dispensasjon frå verneforskrifta, noko som kan gjevast etter kap. IV, punkt 1.3,

Vedlikehald og oppgradering av Skålastien er i besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 nemnt som eit av tiltaka som skal gjennomførast tidleg i planperioden (2021-2022). Det er utarbeidd sårbarheitsvurdering for Skålastien.

Skålastilaget har i 2022 søkt om autorisasjon av Skålastien som Nasjonal turiststi.



Det er utarbeidd ei sårbarheitsvurdering for Skålastien. I sårbarheitsvurderinga er tiltak for å samle ferdsla på eit stispor og tiltak for å redusere sårbarheita i parti med fuktigare naturtypar særleg vektlagt. Tiltaka som no er planlagt byggjer m.a. på kunnskap frå sårbarheitsvurderinga.

### Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør kap. IV punkt 1.1, er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. graving, påfylling av masse, drenering, boring og å bryte laus stein. Det er likevel lov å vedlikehalde eksisterande stiar og løyper, jamfør punkt 1.2. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til merking og rydding av nye stiar og løyper, jamfør punkt 1.3.

Arbeidet med steintrappene skal gjerast med lokal stein og handemakt, og vert difor rekna som reint vedlikehaldsarbeid som ikkje krev dispensasjon etter verneforskrifta.

Sekretariatet vurderer at deler av dei planlagde utbetringane på Skålastien ikkje kan definerast som normalt vedlikehald av stien, då det er trong for tilførsle av mykje ny stein og grusmassar til stien. Dessutan krevst det nye fysiske inngrep i terrenget. Saka må difor handsamast etter naturmangfaldlova (nml) sin §48.

Verneforskrifta for Jostedalsbreen NP set i utgangspunktet forbod mot motorferdsel inkludert lågtflyging og landing med luftfartøy, jf. kap. IV, punkt 4.1. – *Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast òg om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode.*

Det er likevel opning i verneforskrifta (kap.IV, punkt 4.3, 2. strekpunkt) for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til : *motorferdsel i samband transport av materialar til hytter, klopper m.m.*

Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknader om dispensasjon for motorferdsle:

*«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast».*

Dersom ikkje føremålet ved motorferdsle det vert søkt om fell inn under dei spesielle føremåla nemnt i punkt 4.3. kan forvaltningsstyresmakta vurdere søknaden etter den generelle dispensasjonsheimelen i Naturmangfaldlova sin § 48. Her heiter det mellom anna at:



«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strir mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

...

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan ha for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påvirke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Det er lagt ned mykje ressursar over lang tid i restaurering av Skålastien. Skålastien og Skålatårnet er viktige kulturminne som må takast vare på. I skjøtelsesplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er jamleg vedlikehald av Skålastien nemnt som viktig under punkt 7.2.5 Kulturminne og bygningar. Skålastien har lenge vore ein populær tur inn i nasjonalparken. Vedlikehald og nødvendige utbetringar for å ta vare på stien er i besøksstrategien høgt prioritert.

Motorferdsle for frakt av grus og stein til utbetring av stiar er ikkje nemnt i verneforskrifta (kap. IV, pkt. 4.3, andre strekpunkt. Det er mogeleg at frakt av stein kan kome inn under «...motorferdsel i samband med transport av materialar til klopper m.m.» Vi har likevel valt å vurdere frakt av grus og stein som dispensasjon etter § 48 i nml.

Jamfør naturmangfaldlova sin § 48 kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påvirke verneverdiane nemneverdig (...) Sekretariatet vurderer dei planlagde utbetringane på Skålastien til ikkje å stri mot verneføremålet eller å påvirke verneverdiane. Skålastien er ei historisk rute og viktig for verneføremålet om å gje naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv. Stien er eit gamalt kulturminne.

Inngrepa i naturen er små samanlikna med nytten som tiltaka kan medføre. Arbeidet vil heile tida vere under kyndig leiing av erfarne stiarbeidarar.

Frakt med helikopter er einaste mogelegheit for frakt av grus og stein til dei parsellane som skal utbetrast på Skålastien. Helikopterflyginga vil skje på vekedagar når det normalt er lite trafikk av turgåarar på Skåla.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ligge til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av området kring Skålastien er tilfredsstillande. Det er m.a. utarbeidd ein eigen sårbarheitsvurdering for Skålastien. Lågtflyging med helikopter i september og oktober for frakt av grus og stein vil ikkje ha særleg negativ innverknad på



dyre- og fuglelivet i området. Førre-var-prinsippet tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men den planlagde flyginga i september og oktober vil neppe gje utilsikta verknader på naturmangfaldet.

Etter naturmangfaldlova sin § 10 «*Økosystemtilnærming og samlet belastning*» skal eit vedtak vurderast i høve samla påverknad/forstyrning. Ein må vurdere om eit tiltak kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Flyging i samband med vedlikehald av viktige stiar, som skjer til tider på året der innverknaden på naturmangfaldet er lite vil ikkje medføre uheldig presedens.

§ 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er lite relevant her.

§ 12 – *Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode*: Planlagt vedlikehald og utbetring av stien kan vanskeleg utførast utan at grus og stein vert frakta inn med helikopter.

Det vil ha positive konsekvensar for friluftslivet i nasjonalparken at stien vert vedlikehalden og utbeta. Alle turgåarar, turlag og naturbaserte aktivitetsverksemder kan nytte Skålastien. Tiltaket vert ikkje vurdert å vere i strid med føremålet for vernet. Det vil ha svært liten innverknad på verneverdiane slik flyginga er planlagt i dette konkrete tilfellet.

Ut i frå ei samla vurdering tilrår nasjonalparkforvaltar at det vert gjeve dispensasjon til dei planlagde utbetringane på Skålastien og til motorferdsel innanfor nasjonalparken som omsøkt.



**ST 32/22 Delegerete saker**



Hotel Alexandra

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2021/12645-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 22.08.2022

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	
-----------------------	--

## Utsett løyve til flyging etter Skåla Opp 2022

### Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Med heimel i naturmangfaldslova sin § 48 gjev nasjonalparkforvaltaren Skåla Opp utvida tidsrom for flyging av materiell ned att etter Skåla Opp 2022. Løyvet vert utvida slik at siste frist for flyging vert 2.september 2022. Løyvet vert gjeve på same vilkår som det fleirårige løyvet datert 26.10.2021.

### Dokument i saka

- Søknad om løyve til utsett flyging (e-post 19.august 2022)
- Verneforskrift Jostedalsbreen nasjonalpark
- Løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2022-2025, datert 26.oktober 2021

### Søknaden

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i sitt møte 26.10.2021 løyve til vidareføring av motbakkeløpet Skåla Opp for åra 2022-2025. Løyvet inkluderer årleg fire landingar med helikopter innanfor nasjonalparken i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og fire landingar i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet.

Skåla Opp vart laurdag 13.august 2022 arrangert for siste gong. Skåla Opp v/Erik Brendefur søker om utsett løyve til å flyge ned utstyr og materiell med ei veke, dette på grunn av sterk vind på toppen i dagane etter årets arrangement.

### Verneforskrift og verneformål

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark heiter det at: *"idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode"* (verneforskrifta pkt. IV, 6.1, 2. avsnitt). Det er ingen heimel i verneforskrifta for dispensasjon for idrettsarrangement. Tidlegare løyve frå Fylkesmannen har vore heimla i verneforskrifta punkt IV, som no er erstatta av



naturmangfaldlova si § 48, og skal handsamast som ein generell dispensasjonssak frå vernevedtaket.

Formålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom naturoppleving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap (verneforskrifta pkt. III)

I nasjonalparken er motorferdsel, også lågtflyging og landing med luftfartøy, forbode (verneforskrifta pkt.III,4.1). Dropp av utstyr med langline vert definert som motorferdsle i nasjonalparken. I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Søknaden må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta, og både idrettsarrangementet og motorferdsla er heimla der. I naturmangfaldlova § 48 står det at:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.(...) I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

## Vurdering

Utsetjing av tidspunkt for flyging av materiell ned att etter Skåla Opp 2022 er uproblematisk. Det medfører ikkje auke i tal flygingar/landingar og gjev dermed ikkje forstyrring for natur og friluftsliv utover det som allereie er gjeve løyve til.

Når det no har gått lengre tid mellom arrangementet og retur av utstyr og materiell, er det likevel ekstra viktig at ein sikrar seg at alt materiell vert med ned, og at ikkje noko vert liggjande att i terrenget.

Utover dette viser forvaltar til vurderingane gjort i samband med det fleirårige løyvet som vart gjort i utvalssak 41/21, datert 26.10.2021. Både dei faglege vurderingane, dei juridiske og vurderingane av miljørettsprisippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Dei vil også gjelde for dette tiltaket

## Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til



Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
SNO Jostedalsbreen  
Stryn kommune



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Marita Bødal Nybakk  
Vestkappvegen 1941  
6750 Stadlandet

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2022/9805-0

Dykkar ref.

Dato 08.07.2022

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	
-----------------------	--

# Jostedalsbreen nasjonalpark - Bødalsseter - Løyve til motorferdsel - Marit Bødal Nybakk

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:*

I medhald i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 4.3., andre strekpunkt, gjev nasjonalparkforvaltaren Marita Bødal Nybakk løyve til å motorferdsle med traktor og SUV med tilhengjar til frakt av bygningsmaterialar i samband med restaurering/sikring av turisthytta på Bødalssetra i Stryn kommune.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av traktor Aebi 53 (uregistrert) og SUV, Volvo XC90 med skiltnummer DL 97940, i samband med frakt av materialar og utstyr til arbeid på turisthytta på Bødalsseter.
- Løyvet dekkjer inntil 6 turar med bil/traktor frå parkeringsplassen og inn til Bødalsseter.
- Løyvet gjeld i perioden 14.juli til 25.juli 2022.
- Den motoriserte ferdsla skal følgje køyresporet.
- Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.
- Køyning skal ikkje skje på laurdagar, søndagar heilagdagdar eller offentlege høgtidsdagdar grunna omsynet til friluftslivet.
- Seinast dagen før planlagt køyning skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna (90 19 24 71) varslast pr. sms eller telefon.
- Kopi av dette løyvet skal takast med under motorferdsla i tilfelle kontroll.
- Det skal gjevast skriftleg rapport til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at transporten er gjennomført, seinast innan 1. september 2022.

Vi vil minne om at nødvendige løyve etter motorferdslelova også må innhentast frå Stryn kommune, samt frå grunneigar.



## Dokument i saka

- Søknad på epost datert 07.07.2022
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark

## Søknaden

Marita Bødal Nybakk søkte 07.07.2022 om løyve til motorferdsel i utmark på Bødalssetra for å frakte bygningsmaterialar til Bødalsseter. Det vart søkt om ti turar frå pakeringsplassen og inn til Bødalsseter. Bygningsmaterialane skal nyttast i samband med restaurering/sikring av bygningen som tidlegare vart nytta som turisthytte på Bødalsseter. Søkjar har fått tilskot frå kulturminnefondet til sikring av hytta og planlegg å gjennomføre dette i veke 29 (15.-24.juli).

Søkjar opplyser pr. telefon at dei ynskjer å nytte traktor og SUV med tilhengjar til å frakte byggjevarene frå parkeringsplassen og inn til turisthytta på Bødalsseter.

Hovuddelen av restaureringsarbeidet på nytta vil truleg verte utført i 2023, og det vil verte søkt om nye løyver til motorferdsel i samband med dette.

Grunneigarane på Bødalsseter fekk i utvalssak 11/21 eit fleirårleg løyve (2021-2024) til motorferdsel inn til Bødalsseter. I saksutgreiinga til saka er det skrive at:  
«...Køyring i samband med mindre vedlikehaldsarbeid kan løysast innanfor eit fleirårig løyve, men er det større reparasjonar av bygningar som krev fleire turar kan det vere nødvendig med eige løyve.»...

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldlova)
- Delgeringsreglement for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 14.03.2016

## Verneforskrift og verneformål

Føremålet med nasjonalparken er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av materialar til hytter m.v., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden:

«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



## Vurdering

Turisthytta på Bødalsseter er ein del av den særmerkte bygningsrekkja på Bødalsseter og er difor ein viktig del av kulturlandskapet på staden. Det er difor positivt at søkjar ynskjer å sikre og restaurere bygningen. Det er og positivt at søkjar har søkt og fått tilskot frå Kulturminnefondet til prosjektet.

Restaurering av bygningar krev som oftast transport av tunge materialar. Forvaltar vurderer at 10 turar er mykje for å frakte materialar inn til eit forholdsvis lite prosjekt, og har difor vore i kontakt med søkjar for å høyre om tal turar er råd å redusere noko. Vi vart då einige om at seks turar truleg vil vere nok for å frakte inn byggjematerialane.

Inn til Bødalsseter er det eit tilrettelagt køyrespor for slik transport. Køyrespora er tillaga med statlege midlar for å kunne få fram material og proviant til setra utan å lage spor i terrenget.

Grunneigarane har eit fleirårig løyve til motorferdsel på barmark inn til Bødalsseter, men det er naturleg å handsame søknader om transport til større utbetringar som dette som eiga sak.

Den motorisert ferdsla som er søkt om vil kunne påverke friluftslivet i området, men nasjonalparkforvaltaren vurderer at vilkåra i løyvet reduserer negativ påverknad på friluftslivet. Tiltaket vil føre til ein lågare belastning på økosystemet (jf. nml. § 10) dersom køyringa er avgrensa til det mest naudsynte, at køyringa følgjer køyresporet, og at det ikkje vert køyrt når marka er blaut. Det er god kvalitet på køyrespora. Dersom søkjar held den motoriserte ferdsla på disse to tilrettelagte spora, under føresetnad at det ikkje er for blautt i marka, vil ikkje ferdsla kunne føre til fysiske spor i på underlaget (nml §§ 9 og 10 og 12). Køyretøy bør ikkje køyre inn på stølstunet (mellom bygningane), då det ikkje er like er like godt underlag på bakken (nml § 9).

## Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
SNO Jostedalsbreen			
STRYN KOMMUNE	Tonningsgata 4	6783	STRYN

**ST 33/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**RS 24/22 Informasjon om overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven**  
**RS 25/22 Avgjerd - Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovleg køyring og graving langs breelva til Fåbergstølsbreen - Statkraft**  
**RS 26/22 Avgjerd i straffesak - Jostedalsbreen nasjonalpark**  
**RS 27/22 Rapport etter årets Skåla Opp 2022**  
**RS 28/22 Invitation to EUROPARC General Assembly 2022/ Save the date: 9:30 am - 5th October-Argelès Sur Mer, France**  
**RS 29/22 Sluttrapport motorferdsel 2022 "Bødalsæter"**